

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 04.03.2025

Vår ref.: 202505770-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglement i Arnafjordvassdraget i Vik kommune, Vestland fylke

NVE har fått ein søknad frå Statkraft om løyve til å fråvika manøvreringsreglementet for reguleringar i Arnafjordvassdraget, gitt ved kgl.res. 27.06.1969, for revurdering av dammane i Kvilesteinsvatn, jf. damtryggleiksforskrifta § 7-5. Dette er planlagt inntil 11 veker i perioden 07.04.2025-20.06.2025.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at kunngjering og brei offentleg høyring er nødvendig. Søknaden om mellombels løyve blir derfor berre send på høyring til Vik kommune, Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Fjellheimen Villreinutval.

Kva det vert søkt om

NVE har fått ein søknad frå Statkraft, datert 27.02.2025, om løyve til å fråvika manøvreringsreglementet ved Kvilesteinsvatn i Arnafjordvassdraget. Revurderinga er i utgangspunktet planlagt i 2026, men på grunn av ein spesielt snøfattig vinter, samt omfattande prosjektaktivitet frå 2027, vurderer Statkraft det som hensiktsmessig å tappe ned magasinet i 2025 i staden for 2026 eller 2027. Lågaste regulerte vasstand i Kvilesteinsvatn er på kote 895. Det blir søkt om løyve til å senka vasstanden til kote 885, samt å fråvike krav om at tappeluka skal haldast stengt etter «lavvannsperiodens slutt», som er praktisert ved 1. mai. Det blir søkt om løyve til fråvik i perioden 07.04.2025-20.06.2025. Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: [Konsesjonssak - NVE](#)

Kva me ønskjer fråsegn om

NVE ønskjer tilbakemeldingar knytt til momenta i søknaden. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttala seg.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Eventuelle kommentarar kan sendast på e-post til beke@nve.no. Merk e-post med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202505770 i emnefeltet.



Frist for innsending av høyringsfråsegn er:

28.03.2025

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i NVE sitt vedtak. Dersom uttalen er lang, er det derfor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument vert lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Bendik Kjeverud Erdal
Rådgiver

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

VIK KOMMUNE
Fjellheimen Villreinutval
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

STATKRAFT ENERGI AS